

30.09.2009

Møte i Uskedalen om Rosendal-skulen



Ei rekke organisasjonar, mellom dei også Uskedalen Utvikling, har vore samla til møte i Rosendal i regi av Rosendal Utvikling og drøfta situasjonen for ungdomsskulen i Rosendal. Det vart vedteke å senda eit ope brev til politikarane i Kvinnherad og invitera alle parti i kommunestyret til eit ope møte i Uskedalen tysdag 20. Oktober.

Dette er innhaldet i brevet:

"Helsegodkjenninga til Rosendal Ungdomsskule er trekt tilbake. Etter mange år der elevane har slite med hovudverk, konsentrasjonsproblem, allergiplager, vantrivnad og redusert læringsutbyte har no òg helsestyresmaktene sannkjenna det: Bygget er helsefarleg og det er ikkje forsvarleg å drive skule der. Dette har tilsette, elevar og foreldre visst lenge, og kommunen har no halde dei for narr lenge nok.

Opprustinga av ungdomsskulen har blitt utsett år etter år. Ein har gått tilbake på det eine vedtaket etter det andre.

Dette vert ein viktig del av ungdomane si utdanning: Dag etter dag, år etter år, går dei på ein helsefarleg skule, som alle vaksne veit om, som politikarar og administrasjon kan sjå frå rådhuskantina kvar dag. Kva respekt har då politikarane for ungdomane og lokalsamfunnet? Kva respekt får då ungdomane for samfunnet dei veks opp i? Forakt avlar forakt. Frå ungdomar som byrjar på skulen i år, får vi skuldetrek og apati: Dei har inga tru på at politikarane vil ordna opp i dei uverdige tilhøva i deira tid på skulen – heller.

Frå politisk hald får vi høyra at enkelte arbeider med planar om ny, felles ungdomsskule for heile kommunen. Dette vil vi gå klart i mot. Kalkylar har vist at det er eit langt dyrare alternativ enn vedlikehald. Vi vil heilt klart oppretthalda Rosendal Ungdomsskule for våre bygder, og vil ha opprusting av denne no. Ei bortsentralisering av skulen vil desimera ungdomsmiljøet i heile regionen, eit miljø som alt er svekka av stadig stenging av ungdomsklubben i Rosendal. For å motvirka fråflytting og forgubbing må vi gje ungdomane ei kjensle av å høyra til – det store fleitalet av dei som slår seg ned i kommunen er trass alt folk som sjølvé har bakgrunn herifrå. Ein skal heller ikkje undervurdera det faktum at fleire av dei største private verksemndene i kommunen ligg i området Årsnes til Uskedalen. For at desse verksemndene skal få vidareutvikla seg er ein god infrastruktur særskilt viktig, og viktigast av alt er kanskje skulen.

I Kvam har dei òg arbeidd med skulestruktur. Rådmannen der skreiv ei utgreiing i fjar. Den kan tilrådast til alle som er interessert i dette spørsmålet. Eit tosiders avsnitt bar tittelen: "Hvordan gjenreise tilliten til herredsstyret?"

Ungdomar, foreldre og tilsette treng å bli trygg på at dette arbeidet faktisk startar. Politikarane treng å visa at bygdene i indre luten vert teke på alvor, at ungdomane og familiene vert teke på alvor.

Arbeidet må ta til seinast sommaren 2010, og vera ferdig i 2011.

Vi spør difor partia om dei vil setja av pengar på budsjettet for 2010 og 2011 slik at opprustinga kan vera ferdig i 2011.

Alle parti som er representert i kommunestyret vil verta invitert til eit ope møte i **Uskedalen tysdag den 20. Oktober 2009.**

Der ynskjer vi å få svar på dette og ein del andre spørsmål."

Dei organisasjonane som står bak brevet er Uskedalen Utvikling, Omvikdalens grendalag, Seimsfoss grendalag, Rosendal utvikling, Løfallstrand bygdalag, Lyngstrandlaget og Ænes og Mauranger bygdalag.

I fellesmøtet deltok også representantar for ungdomsklubben i Omvikdalen, Omvikdalen bygdekvinnelag og FAU ved skulen.